

Saksbehandlar: Toril Einarsen, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/9391-13

Tariffrevisjonen pr. 01.05.2018 - Forslag til ny hovudtariffavtale Uravstemming

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune stemmer «JA» til forslag til ny hovudtariffavtale.

Vedlegg:

A-rundskriv 1/2018 Tariffrevisjon per 01.05.2018 – Forslag til ny hovudtariffavtale sendes til medlemmene for uravstemming

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

KS og forhandlingssamanslutningane har etter forhandlingar einast om tariffrevisjonen 2018. Alle partar: KS, LO Kommune, UNIO kommune, YS Kommune og Akademikarane har tilrådd forslaget og resultatet er no ute til uravstemming.

2. Bakgrunn for saka

Lønsoppgjeret vart forhandla fram innanfor ei økonomisk ramme på 2,8 % (årslønsvekst 2018). Dette er det same som anslaget for årslønsveksten i frontfaget. Lønselementa består av sentrale lønstillegg, overheng frå 2017 og anslag for lønsglidinga.

Det er ikkje sett av midlar til lokale forhandlingar i kapittel 4 i 2018.

I kap. 4 får tilsette eit generelt lønstillegg, jf. tabell i KS-rundskriv A/1-2018, s. 4. På same måte som i førre tariffperiode, varierer lønstillegga med ansiennitet og stillingsgruppe.

Tillegga vert i si heilheit lagt på den enkelte si årsløn. Verknadsdato for tilleggga er 01.05.2018.

Lønstillegg for leiarar

Til leiarar i stillingskodane 7003, 7453, 7451, 7951 og 7954 vert det gitt eit lønstillegg på 1,5 % av den enkelte si grunnløn pr. 30.04.2018. Verknadsdato er også her 01.05.2018.

3. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen meiner dette forslaget tek i vare den økonomiske ramma på ein slik måte at det sikrar behovet for å drive ein aktiv løns- og arbeidsgjevpolitik.

4. Konklusjon

Lønsoppgjeret viser ein struktur og eit innhald som vil medverke til å styrke fylkeskommunen som arbeidsgjevar i arbeidet med å rekruttere og stabilisere arbeidstakarar.

Fylkesrådmannen tilrår at Sogn og Fjordane fylkeskommune stemmer «JA» til forslaget til ny hovudtariffavtale.